


# ÅRSREKNESKAP 2017



# Innhold

Visjon og forretningsidé	4
Styringsbodskap og mål	5
Organisasjonskart	6
Årsberetning	7
Resultatrekneskap 2017	15
Balanserekneskap 2017	16
Kontantstrømoppstilling 2017	18
Notar	19
Melding frå revisor	32





## OM OSS

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01. november 2004.

Selskapet er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest.

Vi leverer utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.

Selskapet skal bidra til ei betre helse-teneste ved innovativ bruk av IKT-løysingar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Helse Vest IKT har kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

## NØKKELTAL

- 510 tilsette
- Omsetning i 2017 på 951 mill. kr.
- Drift og forvaltning av 956 system.
- Leverer IKT-tenester til 34.202 brukarar
- Leverer 22.768 PC-ar på 140 ulike stadar

## KONTAKT

Ibsens gate 104  
5052 BERGEN

Telefon: 55 97 65 00

E-post: [postmottak@helse-vest-ikt.no](mailto:postmottak@helse-vest-ikt.no)

Web: [www.helse-vest-ikt.no](http://www.helse-vest-ikt.no)

Org.nr: 987 601 787

# VISJON OG FORRETNINGSIDÉ



## *VISJON:*

*Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlninga.*

## **FORRETNINGSIDÉ**

- Helse Vest IKT AS skal vere leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.
- Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysingar vert kjøpt inn, innført og forvalta i tråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.
- Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelege for kundane ved behov.

# STYRINGSBODSKAP OG MÅL

## STYRINGSBODSKAP

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest RHF.

## OVERORDNA MÅLSETTINGAR

Helse Vest IKT har ein todelt funksjon. Selskapet skal 1) produsere IKT-tenester og 2) bidra til innovativ bruk av IKT i helseføretaka.

### Produsere IKT-tenester

- Helse Vest IKT skal gjennom proaktiv overvaking og god beredskap sørge for stabil drift av infrastruktur og løysingar.
- Helse Vest IKT skal sørge for einskapleg og kosteffektiv produksjon av IKT-tenestene.
- Helse Vest IKT skal sørge for å redusere ressursbruken og auke kvaliteten ved å standardisere og kontinuerleg forbetre infrastrukturen, løysingane og prosessane som bidreg til at IKT-tenestene vert levert.
- Helse Vest IKT skal samordne og integrere løysingar for å understøtte at nødvendig informasjon om pasienten følgjer han gjennom pasientforløpa både lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Helse Vest IKT skal i rolla som databehandlar sjå til at den tekniske IKT-tryggleiken er innanfor eit akseptabelt risikonivå, slik at tilgangen til, konfidensialiteten for og integriteten av informasjon vert sikra.

### Bidra til innovativ bruk av IKT

- Helse Vest IKT skal bidra til å forenkle pasientbehandlinga i brei forstand og gi høve til gevinstrealisering ved innovativ bruk av teknologi og løysingar.
- Helse Vest IKT skal bidra til kontinuerleg utvikling i bruken av IKT gjennom å leggje til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og relevante leverandørar.
- Helse Vest IKT skal bidra til at verksemdsarkitektur vert etablert og forvalta i Helse Vest for å understøtte strategiane til føretaksgruppa.
- Helse Vest IKT skal forvalte, forenkle og utvikle teknologi- og applikasjonsarkitekturen for å understøtte arbeidsprosessar og pasientflyt.
- Helse Vest IKT skal støtte moderne arbeidsflater som byggjer opp om arbeidsprosessane på ein fleksibel og mobil måte.
- Helse Vest IKT skal bidra til å bruke om att IKT-erfaringar og kompetanse i verksemdene og utveksle erfaringar og kompetanse mellom verksemdene.
- Helse Vest IKT skal bidra til å sikre endå betre vedtaksgrunnlag i forkant av større teknologiinvesteringar eller ved investeringar der teknologi spelar ei vesentleg rolle.
- Helse Vest IKT skal ha kompetanse innanfor porteføljestyring og program-, prosjekt- og testleing for bruk ved gjennomføring av prosjektporteføljen til Helse Vest.

# LEIARGRUPPA I HELSE VEST IKT



**Fredrik Eldøy**  
Avd. leiar  
IKT-fagsenter

Sivilingeniør i telematikk frå NTNU. Tidlegare arbeid på UiB og hos EDB Business Consulting.

**Leif Nordland**  
Økonomisjef

Siviløkonom frå Handelshøgskulen i Bodø. Tidlegare økonomisjef i Hummervoll AS og rekneskapssjef i Helse Bergen.

**Geir Granerud**  
Avd. leiar  
Innovasjon og arkitektur

Bachelor i International Business. Tidlegare CIO i Mirror Accounting og prosjektleiar i Helse Vest IKT.

**Erik M. Hansen**  
Administrerande direktør

Hovudfag i Informatikk frå UiB. Tidlegare forskar/forskingseleiar ved CMR, og IKT-direktør ved Haukeland Universitetssjukhus.

**Vidar Råheim**  
Avd. leiar  
Regionalt EPJ fagsenter

Master i helse og sosialinformatikk. Sjukepleiarbakgrunn frå Psykiatrisk klinikk, Medisinsk divisjon og Fag- og foretaksutvikling i Helse Stavanger.

**Gjertrud Fagerli**  
Avd. leiar  
Verksemdsutvikling

Sivilingeniør og leiarutdanning frå NHH og BI. Har tidlegare arbeid i Accenture, Telenor og EDB Business Partner.


**Harald Flaten**  
Avd. leiar  
Tenesteproduksjon

Elektronikk-ingeniør frå NKIs Ingeniørhøgskule i Bergen. Tidlegare driftsingeniør i Televerket og driftsleiar for IT-avdelinga ved Sentralsjukehuset i Førde.

**Ørjan Andersen**  
Avd. leiar  
Tenesteutvikling

Hovudfag i Informasjonsvitenskap frå UiB. Tidlegare konsulent i PWC og rådgjevar og prosjektleiar i Helse Bergen.

## ORGANISASJONSKART



# ÅRSBERETNING

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01. november 2004. Selskapet er eit resultat av samanslåinga av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest, og er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF. Helse Vest IKT er etablert med kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

Helse Vest IKT AS har som formål å levere IKT-tenester til alle helseføretaka som inngår i føretaksgruppa Helse Vest RHF. I tillegg kan Helse Vest IKT AS levere IKT-tenester til ein avgrensa ekstern marknad innan helsesektoren der dette er naturleg. Helse Vest IKT skal bidra til at IKT vert nytta av helseføretaka slik at desse kan nå sine målsettingar om å yte gode og effektive spesialisthelsetenester til brukarane.

## Innføring av elektronisk kurve held fram

**Akuttmottaka i tre av fire helseføretak i Helse Vest har teke i bruk elektronisk løysing for kurve- og legemiddelhandtering (KULE).**

Ved å innføre KULE i mottaket får pasienten ei kurve som følgjer han/ho saumlaust når vedkommande vert overført vidare til sengeposten. Akuttmottaka kommuniserer direkte med sengepostane i same system, som slepp å manuelt legge inn data som følgjer pasientane som kjem frå akuttmottaka.

Systemet sikrar at alle pasientdata frå monitorane i behandlingsromma automatisk vert overført til den elektroniske kurveløysinga Meona. Dermed treng ikkje pleiarane lenger å bruke tid på å føre over desse opplysingane, berre kontrollere at alt blir korrekt.

Innføringa av KULE i akuttmottaka aukar pasienttryggleiken fordi pasientinformasjonen er tilgjengeleg på tvers av postar og avdelingar, og sikrar større grad av effektivitet.

I 2017 tok tre av fire helseføretak sine akuttmottak i bruk KULE-løysinga. Fyrst ut var Helse Førde 16. mars, der KULE allereie var innført på dei aller fleste sengepostane. Dermed kunne akuttmottaket ta i bruk den elektroniske kurva saman med dei andre avdelingane. Deretter følgde Helse Fonna og Helse Stavanger. Helse Bergen skal etter planen i gang i Mottaksklinikken våren 2018.



*Innføring av elektronisk kurve i Akuttmottaka i Helse Vest aukar pasienttryggleiken og sørgjer for ein saumlaus overgang til sengepostane i sjukehusa.*

## Overgang til DIPS Arena

**Etter planen skal pilotering av DIPS Arena starte i slutten av 2018, med utrulling i 2019.**

Fram til no har Helse Vest teke i bruk nokre delar av DIPS Arena. Dette er mellom anna funksjonalitet for pakkeforløp for kreft.

Prosjektet har sidan august 2017 vore i full gang med å verifisere versjon 17.1 av DIPS Arena, ved å sjekke at Arena har tilstrekkeleg dekning i høve til kva ein i dag har av funksjonalitet i noverande versjon av DIPS Classic. DIPS Arena versjon 17.2 kjem ut i februar 2018. I slutten av 2018 skal pilot av DIPS Arena starte opp, før det i 2019 vert full utrulling.

Helse Vest er fyrst ute i Noreg til å innføre DIPS Arena i så stor skala. Prosjektleiinga legg vekt på at kvalitet i produktet er heilt avgjerande for at prosjektet skal lykkast. Dei har vidare peikt på at det er viktig at DIPS Arena har full funksjonalitet og gir god støtte for arbeidsprosessane. Det er også etablert eit godt og konstruktivt samarbeid mellom Helse Vest og leverandør DIPS AS, noko som vil vere avgjerande for leveransane framover.

## Tilgang til tilgangssloggen for eigen journal frå internett

**I mai 2017 fekk pasientane tilgang til tilgangssloggen for eigen journal via helsenorge.no.**

Med den nye versjonen av helsenorge.no vart det mogleg for pasientar å sjå kven som har sett i din journal og kva slags dokument som det har vore sett på. Tilgangssloggen finst under «Pasient Journal» på helsenorge.no. I tillegg vart det mogleg å sjå namnet på ein eventuell kontaktlege under «Helsekontaktar».

Tilgangssloggen viser oppslag i journal tilbake til 1. mars 2016. Opning av spesifikke journaldokument vart vist for dokument for somatikk frå 1.mars 2016 , og frå 12. september 2016 for rus og psykisk helsevern.

For dei mellom 12-16 år kor tilgang til tenestene på portalen i utgangspunkt er stengt, for så vel barn som foreldre, vart det frå denne versjonen av helsenorge.no opna for at foreldre kunne sjå barnet sine helsekontaktar under «Helsekontaktar». Dette er helsekontaktar av typene «Forløpskoordinator kreft» og «Kontaktlege».

## Opna for dialogmeldingar mellom fastlegar og føretaka

**I mars 2017 vart det opna opp for dialogmeldingar via helsenorge.no mellom fastlegar og Helse Bergen, Helse Førde og nokre av dei private, ideelle føretaka. Dette skulle gjere kvardagen til legane enklare og auke pasientsikkerheita.**

Det har vore køyrt ein nasjonal pilot i Helse Vest med dialogmeldingar. I denne piloten har mellom anna Helse Bergen, Haraldsplass Diakonale Sykehus og femten til tjue legekontor vore involvert. I etterkant av dette vart det lagt til rette for alle føretak og fleire private ideelle, basert på erfaringane frå denne piloten.

Dialogmeldingar er ein elektronisk kommunikasjon mellom primærlegar og legar på sjukehusa. Dette er meldingar som er meint å erstatte kommunikasjon via telefon. Det er ein raskare og enklare måte å kommunisere på, samstundes som ein får dokumentert det som seiast.

Her er Helse Vest først ute i landet, og prosjektet vert følgt med stor interesse, både av fastlegar og føretak rundt i landet.

### Gode tilbakemeldingar

Føretaka har gode ord å melde om den nye ordninga. Dei er spesielt nøgd med at alt som seiast vert dokumentert, slik at ein unngår uklarheiter i ettertid. Føretaka melder òg om at det er lettare å arbeide effektivt fordi ein kan samle opp meldingar og la ein person svare på vegne av eit fagmiljø.

Løysinga med dialogmeldingane viser seg å vere eit nyttig verktøy som kan verke avlastande, samstundes som det gjev ei auka sikkerheit ved at ein får dokumentert kommunikasjonen.



## Slik gjekk det med piloten for Digitalt mediearkiv


I 2017 kunne ein i føretaka i Helse Vest sjå gode resultat frå piloten med Digitalt mediearkiv.

Digitalt mediearkiv (DMA) er ei regional løysing for lagring, bruk og deling av bilete og videoopptak. Innføringa er felles for heile Helse Vest. Bilete og videoopptak vert ein del av pasientjournalen og vert lagra i DMA sitt arkiv.

Tilbakemeldingane frå føretaka har så langt vore veldig positive. Sjukehusa som har fått innført systemet fortel at DMA har vore enkelt å arbeide med.

Legane er svært nøgde med at dei kan ta videoopptak under ein operasjon og enkeltbilete innimellom, i tillegg til at ein kan hente ut enkeltbilete frå videoen dersom ein skulle finne ut at heile videoen ikkje var naudsynt å ha.

Sjukehusa i Helse Vest rapporterer òg om store nyttegevinstar ved å kunne dele video og bilete frå inngrep med andre legar. Det er ikkje lenger like stort rom for tolking av bilete. No kan fleire sjå det same og vere sikker på kva dei ser, fordi dei faktisk ser ein video med *gode* bilete.



Digitalt mediearkiv viser seg å ha store nyttegevinstar i Helse Vest. Medisinske bilete og videoopptak vert ein del av pasientjournalen og hever kvaliteten på pasientbehandlinga.

### DMA reddar liv

Ved Voss Sjukehus har dei allereie sett korleis DMA-løysinga kan vere med å redde liv. Då sjukehuset fekk inn ein pasient med bløding i magesekken og starta gastroskopian, sette dei i gang video med ein gong, slik at heile seansen vart filma.

Det var ei alvorleg bløding og Voss sjukehus hadde ikkje moglegheita til å gjere dei nødvendige intervensjonane for å stoppe blødinga, og måtte sende pasienten til Haukeland Universitetssykehus. Medan pasienten var på veg kunne legane på Haukeland gå inn og sjå på videoen som var teke av Voss sjukehus. På denne måten kunne dei planleggje kva dei kunne gjere for å stoppe blødinga når pasienten kom til Haukeland, slik at dei var klare då pasienten kom fram.

### DMA – eit løft for pasientbehandlinga

Medisinsk biletmateriale, frå operasjonsbilete til røntgenbilete, vert no lagra i DMA og kan hentast ut i elektronisk pasientjournal. Med DMA er Helse Vest heilt i front nasjonalt, og bidrar til å heve kvaliteten på pasientbehandlinga til eit nytt nivå.



Regionalt EPJ-fagsenter i Helse Vest IKT har hatt ansvar for opplæring av helsepersonell i Helse Vest sida 2016. Opplæringa gir tryggleik både for tilsett og arbeidsgjevar.

## Undervisningsfunksjonen godt etablert ved EPJ-fagsenter

Frå og med etableringa av Regionalt EPJ-fagsenter i Helse Vest IKT sommaren 2016 har selskapet hatt ansvar for opplæring av alt frå helsefagarbeidarar til legar. No har avdelinga fått god kontroll på opplæringsfeltet.

Seksjon *Felles løysing* er med å undervise, utforme og kvalitetssikre opplegget for dei som skal lærast opp i EPJ-systema som Meona, DIPS og Talegjenkjenning.

### Opplæringsfeltet tek seg opp

I 2017 fekk EPJ-fagsenter inn over 200 sommarvikarar på grunnopplæringskurs for helsepersonell innan PLO, DIPS og Meona. Berre i løpet av juni månad i 2017 hadde Helse Vest IKT inne i overkant av 369 kursdeltakarar på opplæring i Helse Vest.

Ut på hausten fekk seksjonen dreisen på opplæringsfeltet, og undervisningsfunksjonen falt sakte men sikkert på plass. Då dei i oktober hadde inne rundt 450 på opplæring i Meona og DIPS, gjekk alt på skinner, til tross for svært mange kursdeltakarar.

### Kvardagen i sjukehusa flyt betre

Alle sjukepleiarar må gjennom tre dagar med kurs for å lærast opp i systema dei skal bruke i arbeidskvardagen, anten dei er fast tilsett eller sommarvikar.

At vikarar og andre tilsette er ferdig utlærte i det tekniske når dei skal byrje i helsevesenet er langt meir effektivt samanlikna med tidlegare då ein i større grad vart kasta ut i det utan tilstrekkeleg opplæring.

Opplæringa gir tryggleik for den tilsette og for arbeidsgjevar, og kvardagen flyt betre på sjukehuset når ein er førebudd på kva kvardagen kan bringe.

## Helse Vest IKT arbeider med robotisering

For å effektivisere og skape meirverdi for helseføretaka såg Helse Vest IKT i 2017 på kva for nokre moglegheiter selskapet har for automatisering av oppgåver.

Regelbaserte prosessautomatisering (RPA) er eit omgrep for ein virtuell medarbeidar som kan overta regelbaserte, repeterande oppgåver og frigi tid for dei tilsette til andre meir verdiskapande aktiviteter.

I fyrste omgang har Helse Vest IKT sett på oppgåver ved Tilgangsbehandling og Samhandling fordi det var her det var størst grad av gjentakande oppgåver. Desse seksjonane har eit høgt volum med mange klikk per operasjon.

Det er eit viktig sikkerheitsaspekt ved å nytte ein virtuell medarbeidar, fordi løysing av oppgåvene ikkje vert påverka av avgrensingar menneske har. Vidare kan ein robot arbeide heile døgnet.



## Helse Vest IKT tilbyr robotteneste til føretaka

I april 2017 vart det vedteke i AD-møte at Helse Vest IKT skal leggje til rette for robotisering, og etablere ei teneste for å automatisere arbeidsoppgåver i føretaka i Helse Vest.

Bakgrunnen er ein tanke om at det går mykje unødvendig tid til repeterande arbeid i *heile* Helse Vest, og organisasjonen vil ha stor gevinst av å automatisere noko av dette arbeidet.

Ein av dei overordna målsettingane i Helse 2035 er å sikre ei positiv og berekraftig utvikling ved å dra nytte av dei teknologiske moglegheitene og effektivisere prosessar og drift.

I seksjon *Utvikling* er det etablert eit team som skal arbeide med automatisering ved bruk av RPA. Dette betyr at all utvikling, forvaltning og drift av robotar i Helse Vest vil gjennomførast av dette teamet.

Teamet kan hjelpe med å identifisere kva for nokre rutineoppgåver som passar best sett opp mot moglegheiter i verktøyet, i tillegg til tid, kost og nytte.

## Vil redde liv med mobilspel

Innovatør Eva Cathrine Backer frå avdeling Innovasjon og arkitektur, har i 2017 arbeidd med å utvikle eit spel som skal redde liv. No er spelet om blodforgifting snart klart til lansering.

Sepsis er det medisinske omgrepet for blodforgifting, ein alvorleg tilstand der bakteriar kjem inn i blodet, og der infeksjonen spreier seg til kroppens organ. Endringane skjer veldig raskt og derfor er det viktig at all helsepersonell rundt pasienten er observant på dei symptoma som sepsis viser. Sjukdomen har høg dødelegheit og rammar om lag ein av tusen kvart einaste år i Noreg.

Tanken er at spelet skal vere med å setje sepsis på agendaen blant sjukepleiarane og anna helsepersonell, med mål om at ein skal verte meir merksame på Sepsis og få folk til å bli nysgjerrige, og gjerne sette i gang diskusjon på avdelingane.

### På lag med «Tegnehanne»

Spelet har to nivå, med to ulike læringsmål. Det fyrste nivået handlar om å vurdere om pasienten kan ha sepsis og varsle. Der er det forskjellige metodikkar som brukaren vert introdusert for. Nivå to handlar om setje opp behandlingsplan med dei viktigaste tiltaka, som er gyldige for alle som har sepsis.

Før Helse Vest IKT gjekk i gang med å utvikle spelet hadde innovatør Eva Cathrine Backer eit brennande ønske. Ho ville ha med teikneserieskaparen, «Tegnehanne», på laget. Då ho takka ja, var det gjort. «Tegnehanne» er kjent innafor pleiemiljøet, derfor visste Eva at det ville fungere i målgruppa, nemleg helsepersonell.

### Snart klar for lansering

Prosjektet har fått stønad frå dei regionale innovasjonsmidlane frå Helse Vest RHF. Helse Vest IKT har presentert spelet for Helsedirektoratet, via Pasientsikkerhetsprogrammet. Dei ynskjer å ta det inn i sin tiltakspakke for sepsis med nasjonal lansering i 2018. Spelet vil bli gratis og skal fungere på mobil, PC, nettbrett og i alle dei vanlege nettleisarane.



I 2017 arbeidde Helse Vest IKT med å lansere eit spel for helsepersonell om Sepsis (blodforgifting). Spelet lanserast nasjonalt i 2018.

## Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2017 var eit overskot på 0,6 mill. kr. Resultatet er 0,4 mill. kr under budsjett, og i tråd med forventning. Akkumulert rekneskapsmessig resultat for perioden frå 2004 – 2017 visar eit overskot på 37,9 mill. kr.

Dei totale inntektene var 950,9 mill. kr. Av desse var 854,1 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 25,5 mill. kr sal av IKT-utstyr, 43,3 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 27,9 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt til tilskot frå Helse Vest RHF).

Totalt driftskostnadar var 946,0 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 21,5 mill. kr, personalkostnadar 308,6 mill. kr, avskrivningar 226,8 mill. kr og andre driftskostnadar 389,1 mill. kr. Med netto finanskostnadar på 4,3 mill. kr gjev dette årsresultatet på 0,6 mill. kr.

## Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2017 var 1 327,2 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 80,0 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 189,3 mill. kr og utgjorde dermed 14,3 %.

## Finansiell stilling

Likviditetsbeholdning var 65,5 mill. kr og dermed tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt, og endringa er større enn føregåande år. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom eigne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2017.

## Nøytral meirverdiavgift – ny finansieringsordning for helseføretaka

Gjennom Stortingets handsaming av Prop. 1 S (2016-2017) for Helse- og omsorgsdepartementet er det frå 1.januar 2017 innført ei ordning med nøytral meirverdiavgift for helseføretaka. Innføringa inneber at helseføretaka får kompensert meirverdiavgift på ei rekkje varer og tenester som inngår inn i drifta av verksemda. Helse Vest IKT AS er omfatta av ordninga. Den endra finansieringsordninga er ikkje å sjå på som ei prinsippending, og endra samanlikningstal er derfor ikkje presentert i føretaket sin rekneskap. Selskapet har i 2017 motteke totalt 92,5 mill. kr. i meirverdiavgiftskompensasjon.

## Om miljø

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT var i 2017 på 5,3 %, på same nivå som i 2016, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær. Fordelinga mellom eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær er som i 2016, det same gjeld fordeling mellom kort- og langtidsfråvær med 3,7 % og 1,6 %.

Helse Vest IKT er ein relativt ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagand og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur har vore viktige utfordringar for selskapet. Helse Vest IKT opplever å ha kome langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar og avdelingar, internt i selskapet og i samarbeidet med helseføretaka i Helse Vest.

## Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø meir enn normalt for denne type verksemd. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av video- og telefonmøte for å redusere reiseaktivitet. Selskapet er sertifisert etter ISO 14001:2015, og revisjon frå Kiwa vart gjennomført i desember 2017/januar 2018.

## Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100 % av Helse Vest RHF. Per 31.12.2017 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1 000 000 fordelt på 2 000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

## Likestilling

43% av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner, og 45 % kvinner i styret samla sett. 28 % av leiinga (inkl. stabsleiarar) er kvinner, 17 % av avdelingsleiarane er kvinner, 33 % av seksjonsleiarane er kvinner.

Helse Vest IKT AS tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha breidde i arbeidsstyrken og vil føretrekkje kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinnedominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

## Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for 2017 var eit overskot på kr 567 918. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at overskotet vert ført mot annan eigenkapital.

## Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å vere den føretrekte strategiske partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å *bidra til forenkling av pasienthandsaminga*, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at *Tenesteavtala* med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med *porteføljen* som er vedteke i Helse Vest.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.



# RESULTATREKNESKAP 2017

Alle tal i 1000 NOK

DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADAR	Note	2017	2016
Basisramme	2	12 757	7 000
Anna driftsinntekt	2	938 123	947 138
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2</b>	<b>950 880</b>	<b>954 138</b>
Varekostnad		21 453	28 741
Løn og andre personalkostnader	3	308 649	266 549
Ordinære avskrivningar	6	226 792	211 165
Andre driftskostnader	4	389 080	441 420
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>945 974</b>	<b>947 875</b>
<b>Resultat frå drifta</b>		<b>4 906</b>	<b>6 262</b>
FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADAR			
Finansinntekter	5	1 283	1 087
Finanskostnader	5	5 620	5 510
<b>Netto finansresultat</b>		<b>-4 338</b>	<b>-4 424</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>568</b>	<b>1 838</b>
<b>RESULTAT FOR ÅRET</b>		<b>568</b>	<b>1 838</b>
<b>OVERFØRINGAR:</b>			
Overført annan eigenkapital	11	568	1838
<b>Sum overføringar</b>		<b>568</b>	<b>1838</b>

# BALANSEREKNESKAP 2017

*Alle tal i 1000 NOK*

EIGEDELAR	Note	2017	2016
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle driftsmiddel</b>			
Lisensar og programvare	6	798 397	697 688
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>798 397</b>	<b>697 688</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
IKT-utstyr, inventar, transportmiddel o.l	6	195 786	211 088
Anlegg under utføring	6	64 985	41 924
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>260 771</b>	<b>253 013</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investering i andre aksjar og partar	7	3 027	2 433
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>3 027</b>	<b>2 433</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>1 062 195</b>	<b>953 134</b>
<b>Omlaupsmiddel</b>			
Varer	8	8 400	8 883
Krav	9,17	191 100	111 005
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	65 479	28 412
<b>Sum omlaupsmiddel</b>		<b>264 979</b>	<b>148 300</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>1 327 174</b>	<b>1 101 434</b>



Alle tal i 1000 NOK

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2017	2016
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Føretakskapital	11	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	11	150 319	150 319
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>151 319</b>	<b>151 319</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	11	37 934	37 366
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>37 934</b>	<b>37 366</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>11</b>	<b>189 253</b>	<b>188 685</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsettingar for forpliktingar</b>			
Pensjonsforpliktingar	12	69 262	54 425
Andre avsettingar for forpliktingar	13	25 882	33 913
<b>Sum avsettingar for forpliktingar</b>		<b>95 144</b>	<b>88 337</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Langsiktig gjeld til føretak i same konsern	14,17	826 473	718 782
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>826 473</b>	<b>718 782</b>
<b>Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld</b>		<b>921 617</b>	<b>807 120</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Skuldige offentlege avgifter		23 491	22 231
Anna kortsiktig gjeld	14,17	192 813	83 399
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>216 304</b>	<b>105 630</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 137 922</b>	<b>912 750</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 327 174</b>	<b>1 101 434</b>

Bergen 1. mars 2018		
		
Herlof Nilssen Styreleiar	Olav Klausen Styremedlem	Eivind Gjerdal Styremedlem
		
Inger Cathrine Bryne Styremedlem	Anne Sissel Faugstad Styremedlem	Mette Kamsvåg Styremedlem
		
Jon Bolstad Styremedlem	Bodil Lekve Styremedlem	Lars Erik Baugstø-Hartvigsen Styremedlem
		
Ørjan Middtun Styremedlem	Agnete Sjøtun Styremedlem	Erik M. Hansen Administrerende direktør

# KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING 2017

Alle tal i 1000 NOK

<b>Kontantstråumar frå operasjonelle aktivitetar:</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
Årsresultat	568	1 838
Ordinære avskrivningar	226 792	211 165
Endring i omløpsmiddel	-79 612	-16 509
Endring i kortsiktig gjeld	110 675	-57 485
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	14 837	6 947
Inntektsført investeringstilskott	-8 031	-8 031
<b>Netto kontantstråum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>265 228</b>	<b>137 926</b>
<b>Kontantstråum frå investeringsaktivitetar:</b>		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-335 259	-312 395
Utbetalingar ved kjøp av andre finansielle egedelar	-594	-476
<b>Netto kontantstråum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-335 853</b>	<b>-312 871</b>
<b>Kontantstråumar frå finansieringsaktivitetar:</b>		
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld	110 000	120 000
Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-2 309	-2 309
<b>Netto kontantstråum frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>107 691</b>	<b>117 691</b>
Netto endring i likviditet	37 067	-57 255
Likvide middel 01.01	28 412	85 667
<b>Likvide middel 31.12</b>	<b>65 479</b>	<b>28 412</b>
<b>Likviditetsreserve 31.12</b>	<b>65 479</b>	<b>28 412</b>

## Note 1 Rekneskapsprinsipp

### Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2017 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om vidare drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdier av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedkommande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata.

Helse Vest IKT AS vart stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tida vart anleggsmiddel og forpliktingar overført til Helse Vest IKT AS som tingsinnskot.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

### Konsolidering

Helse Vest IKT AS går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest RHF og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap.

### Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengeposter i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31.12 i rekneskapsåret.

### Prinsipp for inntektsføring

#### Rammetilskot

Rammetilskot frå Helse Vest vert inntektsført i det året tilskotet er gitt for.

#### Øyremerka tilskot

Øyremerka tilskot vert inntektsførte i den perioden kostnadane med aktiviteten vert rekneskapsførte. Gjeld tilskotet investeringar vert inntektene førte i same perioden som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

#### Andre inntekter

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsførte i den perioden dei vert utførte.

#### Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gi framtidige inntekter/bruksverdi for føretaket er aktiverte.

Kjøpte immaterielle eigedelar, som til dømes lisensar for programvare vert aktivert og avskrivne over økonomisk levetid.

#### Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel vert ført opp i balansen til historisk innkjøpskost trekt frå akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel vert sett som varig om det har ei økonomisk levetid på over tre år, og ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller betringar vert laga til driftsmiddelets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar vert kostnadsførte etter kvart som dei kjem på. Renter som relaterer seg til anlegg under oppføring vert aktiverte som ein del av kostprisen.

Ved sal og utrangering av anleggsmiddel vert vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

#### Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp vert lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivningane er klassifiserte som driftskostnader.

#### Nedskrivning

Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar vert vurderte når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, vert balanseført verdi skriven ned til attkjøpsverdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivninga vert reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stade.

## Eigenkapitalinnskottet i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP skal kostprinsippet nyttast. Det vil seie at det normalt berre er inn- og utbetalingar som skal påverke storleiken på innskottet.

## Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogleg å nytte FIFO- prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagt til grunn. Nedskrivning for pårekeleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapskikk.

## Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava.

## Pensjonar

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapsstandard for pensjonskostnadar. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta går fram av note om pensjonar.

Pensjonskostnadar og pensjonsforpliktingar vert utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkasting på pensjonsmiddel og føresetnadar frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang, osb. Pensjonsmiddel er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar, vert resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmiddel som kjem av endringar og avvik frå føresetnadane for utrekningane (estimatendringar) er fordelte over estimert gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved starten på året er over 10 prosent av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmiddel. Pensjonsordningar som viser netto forplikting, er førte opp i rekneskapskapen som gjeld, mens pensjonsordningar som viser netto middel, er førte opp i balansen som egedel. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad trekt frå estimert avkasting på pensjonsmiddel) vert klassifisert

som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med løn og andre ytingar.

Arbeidstakardelen av pensjonspremien er trekt frå i lønskostnadane.

Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

## Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjær, og verdien kan bereknast påliteleg, vert det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

## Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

## Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare årsrekneskap vert førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

## Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

## Nøytral meirverdiavgift – ny finansieringsordning for helseføretaka

Med verknad frå 1. januar 2017 blei det innført en ordning med nøytral meirverdiavgift for helseføretaka. Endra finansiering av føretaka inneber ein generell reduksjon både av inntekter og kostnader i rekneskapskapen for 2017 samanlikna med 2016. Endringa har ikkje ført til nokon prinsippendring i den avlagte rekneskapskapen og det er derfor ikkje utarbeida rekneskapskapstal som viser inntekter og kostnader som om ordninga hadde vore innført i 2016. Effekten på overordna nivå er likevel synleggjort i eiga note, jf. note 18. Nærare omtale av ordninga går også fram av same note.

## Skatt

Helse Vest IKT AS er fritteke for skatt av di ein leverer varer og tenester til kostpris utan fortjeneste.

## Note 2 Driftsinntekter

	2017	2016
Tenestosal helseføretaka	854 050	867 415
IKT-utstyr	25 547	29 401
Tenestosal eksterne	43 345	36 422
Anna	27 938	20 899
<b>Sum</b>	<b>950 880</b>	<b>954 138</b>

## Note 3 Løn og andre godtgjersler

	2017	2016
<b>Lønskostnadar Helse Vest IKT AS</b>		
Lønskostnadar	271 935	238 682
Arbeidsgjevaravgift	38 365	33 667
Pensjonskostnadar inkl. arbeidsgjevaravgift	51 370	43 352
Andre ytingar	9 016	10 333
- Balanseførte lønskostnadar egne tilsette	-62 038	-59 484
<b>Sum løn og personalkostnadar</b>	<b>308 649</b>	<b>266 549</b>
<b>Tal på tilsette og årsverk</b>		
Gjennomsnittleg tal på tilsette	498	452
Gjennomsnittleg tal på årsverk	490	444
Godtgjersle til styret	<b>576</b>	<b>504</b>
<b>Godtgjersle til revisor</b>		
Revisjon etter lova	170	181
<b>Sum honorar til revisor</b>	<b>170</b>	<b>181</b>
<b>Honoar til revisor i høve til inngått avtale</b>	<b>140</b>	<b>181</b>

Honorar i 2017 er oppgitt eksklusiv meirverdiavgift som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for helseføretaka frå 1.1.2017. Honorar i 2016 er oppgitt inklusiv meirverdiavgift.

Godtgjering til medlem av styret							Ytingar frå andre føretak i Helse Vest	
Namn	Tittel	Styre-honorar	Løn	Anna godtgjering	Sum	Teneste-periode	Honorar/løn	Anna godtgjering
Nilssen, Herlof	Styreleiar	0	0	0	0	01-12	2 379	20
Gjemdal, Eivind	Styremedlem	96	0	0	96	01-12		
Klausen, Olav	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 687	5
Bryne, Inger Cathrine	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 777	6
Faugstad, Anne Sissel	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 439	5
Kamsvåg, Mette	Styremedlem	96	0	0	96	01-12		
Bolstad, Jon	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 475	21
Baugstø-Hartvigsen, Lars Erik	Styremedlem	96	0	0	96	01-12		
Lekve, Bodil	Styremedlem	96	0	0	96	01-12		
Sjøtun, Agnete	Styremedlem	96	0	0	96	01-12		
Middtun, Ørjan	Styremedlem	96	0	0	96	01-12		
<b>Sum</b>		<b>576</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>576</b>		<b>8 758</b>	<b>57</b>

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til dagleg leiar og styreleiar i Helse Vest IKT AS.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar for andre leiande tilsette eller styremedlem i Helse Vest IKT AS.

Det er ikkje inngått avtale om sluttvederlag eller liknande for dagleg leiar.

### Løn og anna godtgjering til leiande personell

Namn	Tittel	Løn	Pensjons-kostnad	Anna godtgjering	Sum	Teneste-periode 1)
Andersen, Ørjan	Avdelingsleiar	1 020	229	10	1 260	01-12
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleiar	934	152	6	1 091	01-12
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleiar	969	245	5	1 218	01-12
Flaten, Harald	Avdelingsleiar	980	161	126	1 267	01-12
Granerud, Geir	Avdelingsleiar	933	210	11	1 154	01-12
Hansen, Erik M.	Adm. dir.	1 525	229	11	1 765	01-12
Nordland, Leif	Økonomi- og HR-sjef	1 045	263	5	1 313	01-12
Råheim, Vidar	Avdelingsleiar	808	267	8	1 084	01-12

1) Tenestetid/-periode angir perioden i rekneskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

## Erklæring om fastsetting av løn og godtgjering

Helse Vest IKT AS definerer personar i stillingane administrerande direktør, avdelingsleiar og økonomi- og HR-sjef som leiande personell.

Helse Vest IKT AS følgjer retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at leiarløn i føretaka skal vere konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønene.

## Utgreiing leiarløns politikken i 2017

Løn og godtgjering til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 80/17, 21.12.2017. Løn og godtgjering for anna leiande tilsette er fastsett administrativt.

### Løn til medlem i leiargruppa vart 2017 justert slik:

Namn	Tittel	Gamal løn	Ny løn	Auke i prosent
Andersen, Ørjan	Avdelingsleiar	988	1 010	2,2 %
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleiar	904	925	2,3 %
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleiar	927	985	6,3 %
Flaten, Harald	Avdelingsleiar	932	960	3,0 %
Granerud, Geir	Avdelingsleiar	897	925	3,1 %
Hansen, Erik M.	Administrerande direktør	1 475	1 510	2,4 %
Nordland, Leif	Økonomi- og HR-sjef	1 009	1 035	2,6 %
Råheim, Vidar	Avdelingsleiar	835	858	2,7 %

I tillegg til løn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og moglegheit for dekning av internett og avis. Lønsjusteringane er gjennomført etter andre lønsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2017 for administrerande direktør og avdelingsleiarane.

# Retningslinjer for 2018

## Fastsetting av basisløn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterium leggst til grunn:

- Lønsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt
- Lønsutviklinga i samanliknande stillingar
- Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta.

Lønsjusteringane gjeld frå 1. januar 2018 for administrerande direktør og avdelingsleiarane.

## Naturalytingar

Ytingane vert vurdert i høve til kva trong leiaren har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

- Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket
- Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtalar
- Eventuelt avisabonnement

## Pensjonsordning

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

## Sluttvederlag

Det er ikkje gjort avtale om sluttvederlag for nokon i leiargruppa i Helse Vest IKT AS.

## Variable godtgjeringar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basisløn

Det vert ikkje gitt variable tillegg til leiande tilsette i Helse Vest IKT AS.

## Andre høve

Personar i leiinga skal ikkje ha særskilt godtgjering for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.



## Note 4 Andre driftskostnader

	2017	2016
Kostnader lokale inkl energi og brensel	31 761	25 981
Kjøp og leige av medisinteknisk utstyr mv	12 210	13 142
Reparasjon, vedlikehold og service	11 123	10 758
Konsulenttenester	53 453	73 705
Anna ekstern teneste	17 421	17 234
Kontor- og kommunikasjonskostnader	34 428	40 213
Kostnader i samband med transportmiddel	48	213
Reisekostnader	10 562	8 817
Forsikringskostnader	186	239
Andre driftskostnader	217 890	251 117
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>389 080</b>	<b>441 420</b>

Reduserte kostnader vedkommende andre driftskostnader 2017 samanlikna med 2016 har samanheng med innføring av nøytral meirverdiavgift jf. note 18.

## Note 5 Finanspostar

	2017	2016
Andre renteinntekter	1 228	991
Andre finansinntekter	54	96
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>1 283</b>	<b>1087</b>
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	5 511	5 963
Andre rentekostnader	20	-551
Andre finanskostnader	89	98
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>5 620</b>	<b>5510</b>

## Note 6 Immaterielle egedelar og varige driftsmiddel

Immaterielle egedelar:	Lisensar og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01	1 125 161	269 511	1 394 672
Tilgang i året	237 200		237 200
Tilgang verksemdsoverføring			
Avgang i året			
Frå prosjekt under utvikling	25 156	-25 156	0
<b>Kostpris 31.12</b>	<b>1 387 516</b>	<b>244 355</b>	<b>1 631 872</b>
Akk. avskrivningar 31.12	833 475		833 475
Akk. nedskrivningar 31.12			
<b>Balansført verdi 31.12</b>	<b>554 042</b>	<b>244 355</b>	<b>798 397</b>
Ordinære avskrivningar i året	135 396		135 396
Ordinære nedskrivningar i året			
Levetid	5 - 10 år		
Avskrivningsplan	lineær		

Varige driftsmiddel	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk- teknisk utst.	Transportmiddel, inventar og utstyr	Sum
Kostpris 01.01			41 924		668 496	710 421
Tilgang i året			23 061		74 995	98 056
Tilgang verksemdoverføring						
Avgang i året					-206 077	-206 077
Frå anlegg til utføring						
<b>Kostpris 31.12</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>64 985</b>	<b>0</b>	<b>537 415</b>	<b>602 400</b>
Akk. avskrivningar 31.12					341 629	341 629
Akk. nedskrivningar 31.12						
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>64 985</b>	<b>0</b>	<b>195 786</b>	<b>260 771</b>
Ordinære avskrivningar					91 396	91 396
Nedskrivningar i året						
Balanseførte lånekostnader						
Levetider					3-7 år	
Avskrivningsplan					lineær	
<b>Leigeavtaler</b>						
Leigebeløp		27 251			773	28 024

## Note 7 Investeringar i aksjar og partar

	2017	2016
Eigenkapitaltilskot i KLP	3 027	2 433
<b>Sum investeringar i andre aksjar og partar</b>	<b>3 027</b>	<b>2 433</b>

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det verken er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein anna pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

## Note 8 Varelager

	2017	2016
<b>Varer for vidaresal</b>		
Handelsvarer	8 400	8 883
<b>Sum varer for vidaresal</b>	<b>8 400</b>	<b>8 883</b>
<b>Sum varelager</b>	<b>8 400</b>	<b>8 883</b>
<b>Kostpris lager</b>	<b>8 400</b>	<b>8 883</b>
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>8 400</b>	<b>8 883</b>

Verdien av varelagra er redusert med kr 1 203 050 som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift. Sjå elles omtale i note 18.

## Note 9 Kundekrav og andre krav

	2017	2016
Kundekrav	5 248	3 152
Krav på føretak i føretaksgruppa	124 388	80 988
Oppsamla inntekter	3 354	932
Andre kortsiktige krav	58 111	25 933
<b>Sum krav</b>	<b>191 100</b>	<b>111 005</b>

### Kundekrav har følgjande fordeling på forfall:

Krav som ikkje er forfalle	5 105	2 925
Krav forfalne med 1-30 dagar	116	273
Krav forfalne med 30-60 dagar	10	0
Krav forfalne med 61-90 dagar	18	-45
<b>Kundekrav pålydande per 31.12</b>	<b>5 248</b>	<b>3 152</b>

## Note 10 Kontantar og bankinnskot

	2017	2016
Skattetrekksmiddel	12 117	11 189
<b>Sum bundne kontantar og bankinnskot</b>	<b>12 117</b>	<b>11 189</b>
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	53 362	17 224
<b>Sum kontantar og bankinnskot</b>	<b>65 479</b>	<b>28 412</b>

## Note 11 Eigenkapital

	Føretaks- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12 i fjor	1 000	150 319	37 366	188 685
Eigenkapital 01.01 i år	1 000	150 319	37 366	188 685
Resultat dette året			568	568
<b>Eigenkapital 31.12. i år</b>	<b>1 000</b>	<b>150 319</b>	<b>37 934</b>	<b>189 253</b>

Eigenkapitalen beløp seg til 1 part lydande på kr 1 000 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF.

### Styringsmål frå eigar

	2017	2016	2002—2017
Årsresultat	568	1 838	37 701
Overført frå strukturfond			
Korrigert for endra levetider			
<b>Korrigert resultat</b>	<b>568</b>	<b>1 838</b>	<b>37 701</b>
Pensjonskostnadar det er teke omsyn til i resultatkrava*			1 373
<b>Resultat jf- økonomiske krav</b>	<b>568</b>	<b>1 838</b>	<b>37 965</b>
Resultatkrav	1 000	1 000	21 114
<b>Avvik frå resultatkrav</b>	<b>- 432</b>	<b>838</b>	<b>16 851</b>

## Note 12 Pensjonsforplikting

	2017	2016
Oppsamla pensjonsforplikting	310 025	-255 723
Pensjonsmiddel	229 959	189 182
<b>Netto pensjonsforplikting</b>	<b>-80 066</b>	<b>-66 541</b>
Arbeidsgivaravgift på netto pensjonsforpliktingar	-11 105	-9 229
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	21 909	21 345
<b>Netto bokførte pensjonsforpliktingar inkl. arbeidsgiveravg.</b>	<b>-69 262</b>	<b>-54 425</b>
<b>Av dette balanseført netto pensjonforplikting inkl. aga.</b>	<b>-69 262</b>	<b>-54 425</b>
<b>Spesifikasjon av pensjonskostnaden</b>		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	42 640	34 553
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	7 721	6 687
<b>Brutto pensjonskostnad i året</b>	<b>50 361</b>	<b>41 241</b>
Venta forteneeste på pensjonsmiddel	-7 300	-5 481
Administrasjonskostnadar	1 860	1 627
<b>Netto pensjonskostnad inkl. administrasjonskostnad</b>	<b>44 920</b>	<b>37 387</b>
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm. kostnad	6 230	5 186
Resultatført aktuarielt tap (vinst)	-10	37
Resultatført planendring	0	572
<b>Netto pensjonskostnad inkl. aga</b>	<b>51 140</b>	<b>43 181</b>
Andre pensjonskostnadar*	263	171
<b>Sum pensjonskostnadar</b>	<b>51 404</b>	<b>43 352</b>
<b>Økonomiske føresetnadar</b>		
Diskonteringsrente	2,60 %	2,60 %
Venta forteneeste på pensjonsmiddel	3,60 %	3,60 %
Årleg vekst i løn	2,50 %	2,50 %
Årleg pensjonsregulering	1,48 %	1,48 %
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,25 %	2,25 %
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	491	462
Talet på oppsette personar med i ordninga	253	241
Talet på pensjonistar med i ordninga	43	34
<b>Spesifikasjon av premiefond</b>		
Saldo 1.1	8 525	6 003
Tilført premiefond	3 045	2 523
Uttak frå premiefond	-4 264	0
<b>Saldo per 31.12</b>	<b>7 306</b>	<b>8 525</b>

\*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarekna, servicepensjonar og andre kostnadar som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstillar krava i lov om offentlig tenestepensjon.

## Ytingsbasert pensjonsordning

Føretaket har ei offentlig kollektiv pensjonsordning (sikra pensjonar) for sine medarbeidarar, som gir ei bestemt, framtidig pensjonsytning basert på oppteningsår og lønnsnivået ved pensjonsalder. Pensjonsytningane er samordna med ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga dekker alderspensjon, uførepensjon og barnpensjon. Alderspensjonen er samordna med ytingar frå folketrygda.

Oppteningstid for full alderspensjon er 30 år. Saman med folketrygda gir full opptening ein alderspensjon på om lag 66 % av sluttløn. Det blir ikkje opptent alderspensjon for lønn over 12G (grunnbeløpet i folketrygda), det vil seie at det er eit tak på 12G. Alle vedtekne endringar i den offentlige tenestepensjonsordninga er innarbeida i berekningane.

Pensjonskostnaden for 2017 er bygd på føresetnader i rettleiing om pensjonsforpliktingar utarbeida av Norsk regnskapsstiftelse per 31.12.2016. Det er utarbeidd eit beste estimat for pensjonsforpliktinga per 31.12.2017 der dei økonomiske føresetnadane som er gitt per 31.12.2017 er lagt til grunn. For avkastning i KLP for 2017 er det også vist eit beste estimat for pensjonsmidlane pr. 31.12.2017.

1. desember 2015 blei det vedteke ein forskriftsendring av reglane for berekning av den årlige ytinga for uføre i perioden mellom særaldersgrense og pensjonsalder med verknad for 2015. Endringa gav auka utbetalingar for arbeidsgivar hovudsakleg for perioden mellom 65 og 67 år for dei som har særaldersgrense på 65 år. Av omsyn til samanstillingsprinsippet blei effekten av planendringa i helseregionane sine rekneskap, flytta til 2016. Endra forplikting som følgje av denne endringa blei innarbeida i berekna pensjonsforplikting per 31.12.2015 og lagt i posten ikkje resultatførte estimatavvik. I 2017 er denne verknaden ført i resultatet.

## Føresetnader for dødelegheit

KLP har valt tabell for dødelegheit, K2013BE, som tek utgangspunkt i FNO sine analysar av dødelegheita i populasjonen for livsforsikring i Noreg og framskrivingar som SSB har føretatt. Vidare er KLP sin uføretabell nytta.

### Demografiske føresetnadar

Nytta tabell over dødelegheit	K2013BE	K2013BE
Uttak AFP etter erfaring	15-45 %	15-45 %

### Frivillig avgang for sjukehuslegar og fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 20	20-23	24-29	30-39	40-50	51-55	>55
Fellesordning	20	15	10	7,5	5	2	0

## Avtalefesta pensjon (AFP)

Føretaket har i tillegg til tenestepensjonar ei avtalefesta ordning for førtidspensjonar (AFP) etter reglane for offentlig sektor. Ordninga er 100 % eigenfinansiert av føretaka, men vert administrert av KLP. Ettersom ordninga er tett integrert med ordinær tenestepensjon, er forpliktinga rekna inn i den totale pensjonsforpliktinga.

## Note 13 Avsetting for langsiktige forpliktingar

	<b>2017</b>	<b>2016</b>
Investeringsstilskot	25 882	33 913
<b>Sum avsetting for forpliktingar</b>	<b>25 882</b>	<b>33 913</b>

Investeringsstilskotet vert ført til inntekt i takt med avskrivningane på den finansierte investeringa.

## Note 14 Anna langsiktig gjeld

	2017	2016
Gjeld i føretak i same føretaksgruppe	826 473	718 782
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>826 473</b>	<b>718 782</b>

## Note 15 Anna kortsiktig gjeld

	2017	2016
Leverandørgjeld	95 835	8 767
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	9 815	10 812
Opptente feriepengar	30 558	27 578
Opptent, ikkje utbetalt løn	10 142	8 369
Anna kortsiktig gjeld	46 464	27 874
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>192 813</b>	<b>83 399</b>

## Note 16 Nærstående partar

Nærstående til Helse Vest IKT AS er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlige transaksjoner med nærstående parter kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapsrapporten. Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 3, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i note 2. Det vesentlegaste av inntekter i Helse Vest IKT AS er sal mot andre føretak i Helse Vest som i 2017 utgjorde om lag 873 millionar kroner.

Helse Vest IKT AS har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlem og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helse Vest er blant anna underlagt lov om offentlege kjøp. I Helse Vest IKT AS er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarleg for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar ikkje sit med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

## Note 17 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Føretak	Kortsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	29 992	-5 387	-852 355
Sjukehusapoteka Vest HF	2 425	0	0
Helse Bergen HF	45 514	-3 742	0
Helse Stavanger HF	23 455	-478	0
Helse Fonna HF	11 453	-108	0
Helse Førde HF	11 156	-99	0
Helse Vest Innkjøp HF	394		
	<b>124 388</b>	<b>-9 815</b>	<b>-852 355</b>

## Note 18 Nøytral meirverdiavgift - ny finansieringsordning for helseføretaka

Etter forslag i Prop. 1 S (2016-2017) for Helse- og omsorgsdepartementet vart det innført ei ordning med nøytral meirverdiavgift for helseføretaka frå 1. januar 2017. Innføringa inneber at helseføretaka får kompensert meirverdiavgift på varer og tenester som inngår i drift av verksemda, og i rekneskapen skal kostnader som inngår i grunnlaget for meirverdiavgiftskompensasjon nettoførast. Lågare kostnader på innkjøp av varer og tenester gjer at føretaket kan selje sine varer og tenester til dei andre føretaka i konsernet til ein lågare pris. Fleire rekneskapslinjer er påverka av ordninga, mellom anna andre driftsinntekter, varekost og andre driftskostnader.

Innføring av nøytral meirverdiavgift for helseføretaka medfører ikkje nokon prinsippending eller omklassifisering. Rekneskapsføringa skjer etter same prinsipp og med lik klassifisering, men den underliggende realitet/regelverket har endra seg i form av innføring av nytt regelverk for meirverdiavgift, som i realiteten er ei endring i finansieringa av helseføretaka. Med bakgrunn i dette er samanlikningstala ikkje omarbeida som følgje av omlegginga. Effekten/verknaden er omtalt i ein eigen note til rekneskapen.

<b>Resultatpostar</b>	<b>Faktisk kostnad 2017</b>	<b>Tilbakebetalt moms- kompensasjon</b>
Kjøp av helsetenester	0	0
Varekostnad	21 453	6 903
Løn og annan personalkostnad	308 649	543
Ordinær avskrivning	226 792	0
Nedskrivning	0	0
Annan driftskostnad	387 971	76 055
<b>Sum</b>	<b>944 865</b>	<b>83 501</b>

# MELDING FRÅ REVISOR



BDO AS  
Luramyrveien 40  
Postboks 1107  
4391 Sandnes

## Melding frå uavhengig revisor

Til føretaksmøtet i Helse Vest IKT AS

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

---

Vi har revidert Helse Vest IKT AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

---

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Annan informasjon

---

Leiinga er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon omfattar årsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje den andre informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den andre informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den andre informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### Styret og administrerande direktør sitt ansvar for årsrekneskapen

---

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for naudsynt internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av vidare drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

## Utsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om årsmeldinga

---

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

---

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 -Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon-, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Sandnes 1. mars 2018  
BDO AS



Ellen Marie Marvik  
Statsautorisert revisor